

# Vedtekter

## Utvandringscenterets venner

5939 Sletta

Vedtatt på skipingsmøte 19. september 2011

Revidert på årsmøte 15. mars 2012.

### FORMÅL

- § 1. Foreininga sitt formål er å skapa interessa for og støtta Vestnorsk utvandringscenter (VUS) i samarbeid med Stiftinga Vestnorsk Utvandringscenter (eigar) og Museumssenteret i Hordaland, (driftsansvarleg). Foreininga vil vera med å vidareutvikla og ta vare på senteret i framtida.

### MEDLEMSKAP

- § 2. Medlemer kan vera  
-einskildpersonar  
-organisasjonar, institusjonar, skular, foreiningar og bedrifter

Medlemene betalar ein minimums årskontingent, som vert fastsett av årsmøtet etter framlegg frå styret. Medlemskontingenten kan vera ulik for ulike kategoriar av medlemer. Medlemskap er gyldig når medlemskontingenten er betalt.

### MEDLEMSKONTINGENT OG ANDRE INNTEKTER. DUGNAD

- § 3. Foreininga skal arbeida for å skaffa midlar til fremje av formålet. I tillegg til medlemskontingent kan dette gjerast ved bidrag og på annan måte. Foreininga skal dessutan organisera dugnadsarbeid ved VUS og marknadsføra senteret i samråd med eigar og driftsansvarleg.

### ØKONOMI

- § 4. Venneforeininga er sjølvgåande og uavhengig, og disponerar over eigen økonomi.

### STYRET

- § 5. Styret for venneforeininga ved Vestnorsk utvandringscenter er samansett slik:  
-Leiar  
-Nestleiar  
-3 styremedlemer  
-2 vararepresentantar til styret

Øvrige faste tillitsvalde er:

- Valnemd på 3 medlemer, som skal koma med tilråding til alle val på årsmøte
- 2 revisorar

Leiar av styret skal veljast på årsmøtet kvart år. Øvrige styremedlemer vert valde for 2 år. Vararepresentantane til styret samt valnemd og revisorar vert valde for 1 år.

Styret elles konstituerar seg sjølv.

Etter val på første årsmøte vert 2 av dei nyvalde styremedlemene trekt ut for funksjon i berre 1 år.

Styret held møte så ofte det er nødvendig, men minst 4 gonger i året, og i alle tilfelle når 2 styremedlemer krev det.

Leiaren kallar inn til styremøte. Styret er ikkje vedtaksført utan at minst 3 medlemer – mellom desse leiar eller nestleiar – er tilstades. Ved likt røystetal har leiaren dobbelttrøyst. Varamedlemer til styret vert kalla inn til kvart styremøte.

Det skal førast protokoll frå styremøta.

## STYRETS OPPGÅVER

- § 6. Styret sine oppgaver er å
- 1) Leia laget i samsvar med formålsparagrafen
  - 2) Halda medlemsmøter i samsvar med § 8
  - 3) Koordinera støttearbeidet for VUS i samråd med eigar og driftsansvarleg, og i denne samanhengen vektlegga gjensidig informasjon.

For å fremja formålet til foreininga kan styret oppnemna arbeidsgrupper. Det kan til dømes gjelda organisering av dugnad ved senteret og eventuelle andre oppgaver. Styret skal oppnemna gruppeleiar og medlemmer i gruppa elles. Rapport om aktiviteten i gruppene skal leggjast fram for årsmøtet som tillegg til styrets årsmelding.

## ÅRSMØTET

- § 7. Årsmøtet er høgste organet i foreininga og skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Årsmøtet skal kallast inn skriftleg med minst 3 vekers varsel. Sakspapira vert lagt fram på årsmøtet. Om ynskjeleg kan ein få papira hjå leiaren. Framlegg til årsmøtet må vera leiaren i hende innan utgangen av januar. Innkomne framlegg vert lagt fram for årsmøtet med styret si innstilling.

### Årsmøtet føl vanleg årsmøtepraksis og skal handsama:

- 1) Årsmelding
- 2) Revidert rekneskap
- 3) Budsjett og kontingent for kommande år
- 4) Eventuelle vedtektsendringar
- 5) Saker som styret legg fram og/eller saker som er sendt styret for handsaming på årsmøtet.
- 6) Val av styret i samsvar med § 5
- 7) Val av 2 revisorar
- 8) Val av valnemd på 3 medlemmer

Årsmøtet er vedtaksført med det antal medlemmer som deltek i møtet.

Årsmøtet kan berre gjera vedtak i dei saker som er nemnd i innkallinga.

Ved avrøysting vert det forslag vedteke som får flest røyster. Kvart medlem har ei røyst. Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal.

## MEDLEMSMØTER/-MEDLEMSFORDELAR

- § 8. I tillegg til årsmøtet kan venneforeininga halda medlemsmøter, og minst eitt av desse skal vera i samband med arrangement ved senteret. Medlemsfordelar skal utviklast og vedlikehaldast.

## EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

- § 9. Ekstraordinært årsmøte vert hald når styret vedtek det eller minst 20% av medlemene skriftleg krev det. På ekstraordinært årsmøte har ein føre berre den eller dei sakene som har gjeve grunn til innkallinga.

## OPPLØYSING

- § 10. Venneforeininga ved Vestnorsk utvandringssenter kan berre oppløysast etter skriftleg framlegg til styret innan utgangen av kalenderåret. Det må kunngjerast i innkallinga til årsmøtet, der det vert kravd 2/3 fleirtal for å verta vedteke.

Moglege midlar skal nyttast til tiltak i samsvar med formålsparagrafen.